

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.11.2018

Vår ref.: 201836836-6

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Bård Andreas Selstad Ottesen

22959528 / baso@nve.no

## Høyring av Salbu Produksjon AS sin søknad om løyve til uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet i Hyllestad kommune, Sogn og Fjordane

NVE mottok den 15.10.2018 ein søknad frå Salbu Produksjon om løyve til uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet i Hyllestad kommune.

Salbu Produksjon AS ynskjer å nytte vatnet i Salbuelva til smoltproduksjon. Det vert søkt om eit vassuttak på inntil 167 l/s frå Kviadammen i Salbuelva kring kote 15. Det vert og søkt om å regulere Ramsgrøvatnet, mellom kote 143,3 (LRV) og kote 145,0 (HRV). Vatnet vert sleppt frå Ramsgrøvatnet via Salbuelva til inntaksdam ved Kvia. Dei tekniske installasjonane knytt til vassuttaket i Salbuelva er i all hovudsak allereie etablert. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 55 l/s frå Ramsgrøvatnet og 100 l/s frå inntaksdam ved Kvia.

Søknaden skal behandlast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Dersom de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Arve-Rune Holmeseth på tlf. 91720503 eller e-post: [arverune.holmeseth@sweco.no](mailto:arverune.holmeseth@sweco.no).

Vi ber Hyllestad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i resepsjonen på kommunehuset i Hyllestad fram til **19.12.2018**. Det eine eksemplaret kan, om nødvendig, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagt informasjonsark som forklarar saksbehandlinga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE ynskjer at uttalar vert sendt oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som råd og seinast innan **19.12.2018**. I tillegg kan ein sende uttalar per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Uttalen eller delar av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Om uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Bård Andreas Selstad Ottesen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg: Kunngjering  
Orientering til høyringspartane

Mottakarliste:

Fiskeridirektoratet Region Vest  
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane  
Friluftsrådet Vest  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Hyen Jeger- og fiskerforening  
HYLLESTAD KOMMUNE  
Mattilsynet  
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane  
Norges Miljøvernforbund  
Norsk Ornitologisk Forening Sogn og Fjordane  
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE  
Sogn og Fjordane Turlag  
Statens Vegvesen - region vest

Kopi til:

SALBU PRODUKSJON AS